

## Finansutvalet 4.5.2016

Fylkeshuset, møterom Sygna kl. 10.00

### Budsjett/økonomiplan 2017-2020 - arbeidsdokument 3/16

Fylkesrådmannen legg no fram det siste arbeidsdokumentet før sak om økonomiplan 2017-2020 skal handsamast av fylkestinget i juni. Økonomiplanen vert, som tidlegare presisert/avtalt, eit endringsdokument i høve gjeldande økonomiplan.

I dette arbeidsdokumentet vil fylkesrådmannen:

- Gje ei orientering om økonomiske føresetnader i gjeldande økonomiplan
- Tilrå nokre rammejusteringar
- Vise førebels salderingsskisse
- Leggje fram nye utgreiingar
- Skissere det vidare økonomiplanarbeidet fram mot fylkestinget i juni.

#### 1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 2.03.16

Møteboka følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 1.

##### Tilråding

Møtebok frå møte i finansutvalet 2.03.16 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

#### 2 GJELDANDE ØKONOMIPLAN - ØKONOMISKE FØRESETNADER

Den økonomiplanen vi no jobbar med og som skal vedtakast av fylkestinget i juni 2016, har som utgangspunkt gjeldande økonomiplan 2017-2019. Økonomiplanen er i balanse, men den er basert på mange føresetnadar og vurderingar. Ein del av desse føresetnadane er usikre og vil kunne få vesentlege konsekvensar dersom dei vert endra. Fylkesrådmannen vil i dette kapitlet gå igjennom desse i grove trekk og prøve å nemne dei områda der det er knytt usikkerheit til.

##### 2.1 Fellesinntekter og -utgifter

Som fellesinntekter og -utgifter reknar vi alle inntekter og utgifter som ikkje er budsjetterte på sektornivå. Fellesinntektene skal finansiere fylkeskommunen sine eigne driftsutgifter på sektornivå (netto driftsutgifter), samt kapitalutgiftene og andre fellesutgifter.

##### Skatt og rammetilskot

Hovudkomponenten i fylkeskommunen sine frie inntekter er skatt på inntekt og formue, og overføringar frå staten gjennom inntektssystemet – rammetilskot. Det er kommuneproposisjonen og Stortinget sitt rammevedtak gjennom statsbudsjettet som er utgangspunktet for våre vurderingar.

I økonomiplanen er det føresett ei opptrapping av «tapskompensasjonen» for åra 2017–2019 med 22,5 mill. kr aukande til 67,5 mill. kr årleg. Så langt er det regjeringa, saman med samarbeidspartia Venstre og Krf, som gjennom budsjettforhandlingane auka opp «tapskompensasjon» for åra 2015 og 2016. Om regjeringa sjølv foreslår auka «tapskompensasjon» eller om det vert ein ny «kamp» hausten 2016, får vi truleg signal om når kommuneproposisjon 2017 vert lagt fram 11.05.

Stortingsvalet hausten 2017, med ev. nye konstellasjonar, samt regionreforma, er også faktorar som kan verke inn på både den budsjetterte «tapskompensasjonen» og ordinært rammetilskot.

Usikre moment som stortingsvalet 2017, ny regionreform og ein mogleg årleg «kamp» om auka «tapskompensasjon», gjer at det er stor uvisse knytt til kor realistisk det er å få auka denne kompensasjonen dei neste tre åra. Føresetnaden om «tapskompensasjonen» er den faktoren i vårt opplegg som vil gi størst økonomisk konsekvens om vi ikkje lukkast med vidare opptrapping. Fylkesrådmannen meiner at vi på dette tidspunktet fortsatt må halde på føresetnaden om at vi får gjennomslag for ei opptrapping også for åra 2017–2019.

#### Regionale utviklingsmidlar frå KMD

Dette er eit årleg tilskot som skal finansiere tiltak i høve regional utvikling. Midlane kan ikkje disponerast fritt, og departementet skal ha rapportar på bruken av midlane.

Statsbudsjettet fastset ei totalramme som først i budsjettåret vert fordelt til fylkeskommunane. Ved ev. avvik mellom budsjettert og tildelt beløp må nivået på desse midlane justerast tilsvarende. Det betyr at det ikkje vert nokon store salderingsmessige konsekvensar for fylkeskommunen ved ev. avvik, men det vil kunne endre aktiviteten vår (+/-) innanfor regional utvikling. Først etter statsbudsjettet er klart har vi tidlegare år gjort ei vurdering av nivået i økonomiplanen, og fylkesrådmannen vil legge same praksis til grunn no. Den førebelse ramma frå KMD var på 70,9 mill. kr i 2016. Den endelege ramma frå KMD kom først etter at fylkeskommunen hadde vedteke sitt budsjett, og denne var noko høgre (73,9 mill. kr).

#### Lokale inntekter

Lokale inntekter er inntekter ved sal av konsesjonskraft og utbytte på eigarpostane våre.

Det er i økonomiplanen lagt opp til å avgrense bruken av lokale inntekter til ordinær drift til 60 mill. kr årleg. Vidare er noko av inntektene avsett til ekstraordinære avdrag og til bufferfondet.

Nivået på konsesjonskraftinntektene er avhengig av to komponentar; volum og pris. Fylkeskommunen påverkar ikkje desse faktorane. Det er likevel ei problemstilling knytt til ev. kommunesamanslåingar som kan bli aktuell. Dette vil kunne få innverknad på inntektsnivået og såleis salderingssituasjonen i åra framover.

Fylkeskommunen tek i dag ut konsesjonskraft frå 5 kommunar slik:

| Kommune    | Mengde (Gwh) |
|------------|--------------|
| Vik        | 59,3         |
| Aurland    | 160,5        |
| Lærdal     | 11,1         |
| Luster     | 134,8        |
| Bremanger  | 21,1         |
| <b>Sum</b> | <b>386,8</b> |

Konsesjonskraft er primært ein kommunal ressurs. Men kommunane sin rett er avgrensa til det alminnelege lokale forbruket og det overskytande vert tildelt fylkeskommunen. Fleire kommunar er i drøftingar om ev. samanslåingar. Det kan medføre at ev. nye og større kommunar kan få eit alminneleg forbruk som gjer at kommunen kan ta ut meir konsesjonskraft enn i dag. Det kan også bli andre lov- og regelendringar på dette området.

Fylkesrådmannen ber finansutvalet merke seg denne utfordringa, men legg ikkje opp til å justere budsjettet som følgje av denne problemstillinga før vi har kunnskap om ev. ny kommunestruktur.

Utbytte speglar avkastninga på investert kapital i selskapa. Det er selskapa si generalforsamling som fastset utbytte. Økonomiplanen er basert på fortsatt eigarskap og selskapa sine langtidsbudsjett/prognosar.

Gjeldande økonomiplan baserer seg på prognosar hausten 2015. Våre analysar så langt syner at prognosane er i økonomiplanen er for høge. Fylkesrådmannen vil i pkt. 6.2 kome attende til dette og tilrå ei justering av det budsjetterte nivået.

#### Kapitalinntekter/-utgifter

Kapitalinntekter/-utgifter består av følgjande postar:

- Renteinntekter
- Rentekompensasjon
- Renteutgifter
- Avdragsutgifter

Her er det uvisse knytt til renteføresetnader, gjennomsnittslikviditet og storleiken på lånegjelda. Vi har i økonomiplanen budsjettert med ekstraordinær nedbetaling av gjeld på om lag 260 mill. kr for åra 2017-2019. Som følgje av dette, er det også føresett lægre kapitalutgifter på låneporteføljen. Det er m.a. nivået på lokale inntekter i økonomiplanen som har gjort det mogleg å avsette midlar til ekstraordinære avdrag. Det budsjetterte nivået må såleis vurderast i samanheng med prognosane på lokale inntekter.

Nivået på investeringsbudsjettet og tilhøyrande låneopptak vil ha innverknad på kapitalutgiftene. Investeringsbudsjettet vil ikkje bli fastsett før til hausten, slik at det er først då vi kan vurdere nivået på kapitalinntekter og -utgifter samla.

#### Bruk av/avsetting til fond

I gjeldande økonomiplan er det for åra 2017-2019 budsjettert med fondsavsettingar på om lag 75 mill. kr. Dette er i hovudsak den auka tapskompensasjonen for 2016 som årleg er avsett til omstillingsfond. Vidare vart bruk/avsetting til fond nytta til sluttsalderinga av økonomiplanen.

Når det gjeld sluttsalderinga, kjem fylkesrådmannen attende til dette i pkt. 8. Den budsjetterte avsettinga til omstillingsfondet kan bli vurdert i salderingsdiskusjonen på eit seinare tidspunkt.

#### Pensjonsutgifter

Fylkeskommunen sine pensjonsutgifter vert innbetalt til Statens pensjonskasse (SPK) og Kommunal landspensjonskasse (KLP). Dei årlege pensjonsutgiftene varierer frå år til år, m.a. fordi vi tek heile premieavviket påfølgjande år. Premieavvik oppstår når det vert avvik mellom dei faktiske årlege innbetalingane til pensjonsselskapa og det pensjonsselskapa bereknar som våre pensjonsutgifter. Nivået på pensjonsutgiftene sett under eitt i økonomiplanen er føresett til å vere om lag på nivå med budsjettet 2015.

## **2.2 Sektorrammene**

Sektorrammene består av netto driftsutgifter til 5 sektorar slik:

- Polistisk styring, plan og forvaltning
- Opplæring
- Tannhelsetenesta
- Næring og kultur
- Samferdsle

Sektorrammene er for 2017 på 2,2 mrd. kr, og sektorane er vidare delt inn i programområde og tenester. Samferdsle og opplæring er dei største sektorane, og har til saman har eit budsjett i 2017 på 1,8 mrd. kr. Sektorrammene vert fram til 2019 gradvis redusert som følgje av venta nedgang i inntektene.

I sektorane sine økonomiplanrammer er det mange usikre faktorar – m.a. framtidige prisar og tilbod – som vi må handtere svingingar på. Den største uvissa i sektorrammene er likevel dei konkretiserte kutt-tiltaka og dei ufordelte innsparingskrava som vart lagt inn i økonomiplanen for å tilpasse oss nye inntektsrammer.

Sektorrammene er samla redusert med om lag 115 mill. kr i 2017 aukande til om lag 175 mill. kr i 2019. Det meste av dette er fordelt på konkrete tiltak i høve dei utgreiingane som var ferdige våren 2015. Sektorane har no uspesifiserte innsparingskrav i rammene på om lag 8 mill. kr i 2017 aukande til om lag 70 mill. kr i 2019.

## **2.3 Lånegjeld og disponible fondsmidlar**

Ved inngangen til 2016 hadde fylkeskommunen ei lånegjeld på om lag 2,1 mrd. kr. Ved utgangen av 2019 er lånegjelda estimert til om lag 2,5 mrd. kr. Dette er ei svært høg gjeld som skal handterast med årlege renter og avdrag i driftsbudsjettet. Vi er sårbare for ev. renteoppgangar, og ser vi vekk frå rentesikringar og rentekompensasjonsordningar vil ein renteauke på 1 %-poeng medføre ein auke i dei årlege kapitalutgiftene på 25 mill. kr med ei lånegjeld på 2,5 mrd. kr.

Fylkesrådmannen vil framleis hevde at det er svært viktig å få redusert lånegjelda. Redusert gjeld fører til ein reduksjon i dei årlege kapitalutgiftene, som igjen vil redusere behovet for sette i verk innsparingstiltak på sektornivå.

Når det gjeld disponible fondsmidlar har vi følgjande som kan disponerast til frie føremål:

- Bufferfondet – disponible midlar på bufferfondet pr. 01.01.16 er på 208,9 mill. kr. Vedteke minimumsnivå for bufferfondet er 70 mill. kr. Fondet er ein buffer i høve svingingar i dei lokale inntektene.

Fylkesrådmannen føreset at rekneskapoverskotet for 2015 på 58,0 mill. kr vert avsett til bufferfondet. Overskotskapitalen utover minimumsnivået på bufferfondet vil etter dette vere på om lag 200 mill. kr.

- Omstillingsfondet – disponible midlar på omstillingsfondet pr. 01.01.16 er på 22,9 mill. kr. Det er i tillegg budsjettert med ei avsetning til omstillingsfondet i 2016 på 38,6 mill. kr.
- Andre fond – Det ligg i tillegg nokre mindre fond som er tiltenkt spesifikke føremål, men som fylkestinget kan omdisponere om dette vert naudsynt. Dette kjem fylkesrådmannen attende til om det vert aktuelt.

Ein ev. bruk av fondsmidlar bør nyttast som ein del av omstillinga fram til vi får balanse mellom inntekter og utgifter. Dei oppsparte fondsmidlane kan vere til svært god hjelp i ein overgangsfase, men fylkesrådmannen vil presisere at dette ikkje er nokon varig løysing.

#### 2.4 Nærare vurdering av to viktige føresetnader i økonomiplanen

Fylkesrådmannen meiner at to av føresetnadane som er omtala i punkta over er svært usikre, og dersom dei ikkje slår til vil det ha stor innverknad på økonomien. Fylkesrådmannen ønskjer her å illustrere kva dei budsjettmessige konsekvensane kan bli dersom desse føresetnadane ikkje slår til. Føresetnadane er vurdert opp i mot første år med full effekt av nytt inntektssystem i 2019.

Vi har føresett følgjande inntekt/reduksjon av samla sektornivå:

- |   |               |
|---|---------------|
| • «Tapskompensasjon»                              | 67,5 mill. kr |
| • Ufordelte innsparingskrav på sektorane (om lag) | 70,0 mill. kr |

Desse to føresetnadane utgjer om lag 138 mill. kr årleg i vårt økonomiske opplegg frå 2019.

Vi vil få ei første avklaring på «tapskompensasjonen» i kommuneproposisjonen i mai. Dersom den ikkje ligg inne frå regjeringa, må vi sette vår lit til at tapskompensasjon vert innarbeidd i Stortinget i løpet av hausten. Dersom vi vinn fram med tapskompensasjon for 2017, og det ikkje ligg inne opptrapping dei neste to åra, vil det framleis vere uvisse knytt til føresetnadane våre.

I pkt. 9.1 i dette arbeidsdokumentet legg fylkesrådmannen fram dei utgreiingane som no er ferdige. I tillegg står det att to utgreiingar. Fylkesrådmannen har no gjort ei overordna vurdering på kva innsparingspotensiale som ligg i utgreiingane samla sett. Ei grov berekning viser at utgreiingane har eit samla innsparingspotensiale på 10 - 45 mill. kr. i 2019. Fylkesrådmannen ser også at det skisserte maksimumsnivået på 45 mill. kr vil få store konsekvensar. Vi vil uansett ikkje kome i mål med å løyse dei innsparingskrava som ligg i opplegget vårt med dei utgreiingane vi har no. Ei vurdering av denne utfordringa vil fylkesrådmannen kome attende til i økonomiplansaka.

Fylkesrådmannen meiner at desse vurderingane viser tydeleg at det viktig å halde fram arbeidet knytt til auka «tapskompensasjon», og at utgreiingane som er lagt fram må gje effekt i form av innsparing på sektornivå.

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa i punkta 2.1-2.4 om dei økonomiske føresetnadane i gjeldande økonomiplan til vitande.

### 3 ØKONOMIPLAN 2017-2020 – UTGANGSPUNKT

#### Driftsrammer 2020

I arbeidsdokument 2/16 slutta finansutvalet seg til dei skisserte føresetnadane i høve rullering av driftsrammene frå 2019-2020. Den tekniske rulleringa syner at vi kjem ut med ei meirinntekt på 61,6 mill. kr i 2020, fordi budsjetterte fondsavsettingar ikkje vert vidareført frå 2019-2020.

#### Reversering av sluttsaldering for åra 2017-2019

Budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019 er for åra 2017-2019 saldert med både bruk og avsetting mot bufferfondet. Det er naturleg å ta inn att sluttsalderinga frå gjeldande plan for å vurdere denne i lys av eventuelt nye rammeføresetnader.

Samla gjev dette følgjande verknad på salderingsbalansen for åra 2017-2020:

|                                       | 2017       | 2018       | 2019       | 2020  |
|---------------------------------------|------------|------------|------------|-------|
| <b>Utg.pkt: Balansert økonomiplan</b> | <b>0,0</b> | <b>0,0</b> | <b>0,0</b> |       |
| Rullering av økonomiplanen            |            |            |            | -61,6 |
| Sluttsaldering økonomiplan 2017-2019  | 3,7        | -14,8      | -40,5      |       |

#### Tilråding

Resultatet av den tekniske rulleringa av driftsrammene for 2020 på 61,6 mill. kr vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

Sluttsalderinga av økonomiplan 2017-2019 vert teke teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

### 4 REKNESKAP 2015 – RAMMEVURDERINGAR

Ved vurdering av rekneskapsresultatet for 2015 har fylkesrådmannen sett på avvika mellom budsjett og rekneskap på tenestenivå. Nedanfor er dei mest vesentlege avvika kommenterte ut frå om det i økonomiplanen er grunnlag for å vidareføre innsparingar frå 2015.

#### Fellesinntekter og -utgifter

For postane under fellesinntekter og -utgifter er det i hovudssak meirinntekter og mindreforbruk i 2015 som ikkje kan vidareførast. På inntektssida fekk vi m.a. meir skatteinntekter enn budsjettert. Dette er vurdert til å vere ein eingongseffekt i 2015.

På utgiftsida var det eit vesentleg mindreforbruk knytt til pensjonsutgiftene. Desse svingar årleg og er difor vanskeleg å budsjettere. Det vert ikkje lagt opp til å justere budsjetterte pensjonsutgifter som følgje av rekneskapsresultatet. Om nivået i økonomiplanen bør justerast vil fylkesrådmannen kome attende til dette.

#### Sektorane

Avvika på sektornivå er i hovudssak knytt til samferdsle og opplæring. Avvika på samferdsle er i stor grad knytt til kollektiv. Kollektivbudsjettet er i økonomiplanen justert i høve til dei kontraktane vi har med transportselskapa framover, slik at nokre av avvika i 2015 allereie er teke høgde for i økonomiplanen. Vidare er avvika knytt til eingongsinnsparingar som ikkje kan vidareførast.

Opplæring er den sektoren som har dei mest vesentlege avvika i høve rekneskapsresultatet for 2015. Tilrådde justeringar i økonomiplanen som følgje av dette vert omtala i pkt. 5.1.

#### Tilråding

Finansutvalet tek omtalte orientering om rammevurderingar sett i høve rekneskapsresultatet for 2015 til vitande.

## 5 OPPLÆRINGSSEKTOREN

### 5.1 Rammejusteringar som følgje av rekneskapsresultatet for 2015

I dette punktet legg fylkesrådmannen opp til å redusere budsjettet på fleire ulike tenester. I stor grad er dette gjeldande frå 2016. Tilrådde reduksjonar for 2016 vil fylkesrådmannen kome attende til i tertialrapport 1/16.

Innsparingar knytt til vedlikehald av skulebygg inklusive energiutgifter var på om lag 5 mill. kr i 2015. Dette er i hovudssak knytt til forseinkingar på nokre store vedlikehaldsprosjekt. I tillegg har straumprisane vore lægre enn føreset. Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå å gjere justeringar i løyvinga knytt til dette, då vedlikehaldsbehovet framleis er gjeldande.

#### Mindre innsparingar

Med bakgrunn i rekneskapsresultatet for 2015 og vurdering av behovet i økonomiplanperioden vurderer fylkesrådmannen at det kan gjerast følgjande reduksjonar på tenestenivå:

| Teneste                  | 2017        | 2018        | 2019        | 2020        |
|--------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 5313 Jordbrukskulegardar | -0,1        | -0,1        | -0,1        | -0,1        |
| 5613 Oppfølgingstenesta  | -0,1        | -0,1        | -0,1        | -0,1        |
| 5151 Fellesutgifter      | -0,1        | -0,1        | -0,1        | -0,1        |
| 5611 PP-tenesta          | -0,4        | -0,4        | -0,4        | -0,4        |
| 5701 Opplæring i bedrift | -0,7        | -0,7        | -0,7        | -0,7        |
| 5901 Privatisteksamen    | -0,7        | -0,7        | -0,7        | -0,7        |
| <b>Sum endring</b>       | <b>-2,1</b> | <b>-2,1</b> | <b>-2,1</b> | <b>-2,1</b> |

Reduksjonen av teneste 5313, 5613 og 5151 er ufordelte midlar i 2015 som det er grunnlag for å nedjustere i økonomiplanen. Løyvingsnivået for desse postane vert etter justering såleis på nivå med rekneskapsresultatet for 2015. Når det gjeld teneste 5611 er det lagt inn ein auke i inntektene basert på inntektsnivået i 2015.

På teneste 5701 er det i økonomiplanen sett av omlag 0,7 mill. kr til å dekke kostnader til restteori for lærlingar og lærekandidatar. Rekneskapen dei siste åra viser at behovet for midlar til føremålet er avgrensa og kan finansierast over løyvinga til stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa. Den spesifikke løyvinga til restteori vert tilrådd teke vekk årleg.

Løyvinga på teneste 5901 kan reduserast med 0,7 mill. kr årleg. Satsane kandidatane betaler for å gjennomføre eksamen har auka monaleg frå våren 2015. Vi får såleis meir inntekter og vår netto-kostnad knytt til ordninga vert redusert.

#### Budsjettering på anslagsløyvingar – buffer og varig innsparing

Vurderinga av rekneskapsresultatet for 2015 viser at det er mindreforbruk på nokre av dei større anslagsløyvingane. Fylkesrådmannen vil her skissere eit opplegg for å ta ned nivået på desse løyvingane, samstundes som vi opprettheld ein viss fleksibilitet i dei årlege budsjetta på sektoren.

Budsjettet til opplæring består av ein del anslagsløyvingar, t.d. tilpassa opplæring og tilskot til lærebedrifter. Nivået på desse løyvingane er lite føreseielege. Utviklinga det enkelte år er avhengig av elevgrunnlag, behovet for grupper, tal på læreplassar osv. Dei faktiske utgiftene er såleis lite styrbare. Utifrå denne uvissa er det budsjettert med ein viss margin på kvar av desse løyvingane, for å kunne ta høgde for eventuelle meirkostnader som kan oppstå i løpet av eit år.

I den omstillinga fylkeskommunen er i, meiner fylkesrådmannen at vi bør tilpasse oss eit lågast mogleg realistisk nivå på anslagsløyvingane. Det vert tilrådd å justere ned nivået på anslagsløyvingane til eit minimum. Det vil seie at vi justerer budsjettet i tråd med rekneskapsresultatet for 2015 justert for føresette endringar i behovet i åra i økonomiplanen. For å oppretthalde ein viss fleksibilitet i dei årlege budsjetta, vert det oppretta ein felles buffer på sektoren som skal nyttast om det oppstår uførutsette utgifter knytt til ein eller fleire av anslagsløyvingane. Det er lite truleg at det vert meirbehov knytt til alle anslagsløyvingane same året. Det er likevel grunn til å presisere at det framleis er uvisse knytt til å budsjettere på ikkje styrbare anslagsløyvingar.

Ved å gjere dette grepet kan vi og redusere noko av det uløyste innsparingskravet som ligg på sektoren. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å ta ut eit slikt handlingsrom i ein fase der vi ser på innsparingar gjennom andre tiltak i organisasjonen.



Fylkesrådmannen tilrår at anslagsløyvingane vert redusert med samla 6 mill. kr årleg i økonomiplanen. Bufferen vert sett til 3 mill. kr årleg, noko som gjev sektoren fleksibilitet til å dekke ev. meirkostnader som kan oppstå på anslagsløyvingane innanfor eit år.

Endringar i ramma til opplæring som følgje av dette vert slik:

| Teneste  | 2017        | 2018        | 2019        | 2020        |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 5200 Ped. leing mv./ 5210 Utdanningsprogramma        | -2,0        | -2,0        | -2,0        | -2,0        |
| 5620 Tilpassa opplæring                              | -4,0        | -4,0        | -4,0        | -4,0        |
| Buffer anslagsløyvingar (teneste 5210 Utd.progamma.) | 3,0         | 3,0         | 3,0         | 3,0         |
| <b>Sum netto endring</b>                             | <b>-3,0</b> | <b>-3,0</b> | <b>-3,0</b> | <b>-3,0</b> |

Fylkesrådmannen vil tilrå at anslagsløyvingar på teneste 5701 Opplæring i bedrift og teneste 5702 Fagprøver også vert sett i samanheng med bufferen på sektoren.

Bufferløyvinga vert teknisk plassert på teneste 5210 Utdanningsprogramma og vert fordelt mot ev. meirbehov på anslagsløyvingane i samband med tertialrapport/budsjettjusterings sak i desember. Ei ev. unytta bufferløyving kan omprioriterast til andre tiltak. Dersom den ikkje vert nytta vil løyvinga kome som ein del av rekneskapsresultatet det enkelte år.

### Oppsummering

Den samla reduksjonen av sektorramma vert utifrå punkta over på 5,1 mill. kr årleg. Vi vil i pkt. 5.3 nedanfor tilrå at dette handlingsrommet vert nytta til å innfri deler av det uløyste innsparingskravet på sektoren.

### Tilråding

Ramma til opplæring vert redusert med samla 5,1 mill. kr årleg i 2017-2020 som følgje av vurderingar av rekneskapsresultatet 2015.

Finansutalet sluttar seg til at det i økonomiplanen vert budsjettert med ein årleg buffer på 3 mill. kr på teneste 5210 Utdanningsprogramma. Bufferen skal nyttast til å dekke ev. meirkostnadar knytt til anslagsløyvingar på tenestene 5200 Pedagogisk leing mv, 5210 Utdanningsprogramma, 5701 Opplæring i bedrift og 5702 Fagprøver.

## **5.2 Nye økonomiske føresetnader og oppfølging av FT-vedtak 9/16**

### Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Finansiering av nytt skuleadministrativt system (VISMA flyt skole) har vore handsama politisk i fleire saker, seinast i HO-sak 21/15. I saka står det m.a.: «Det er enno ikkje stipulert justerte utviklingskostnader for 2017. Fylkesrådmannen vil leggje fram kostnadsoverslag for 2017 så snart dette ligg føre. Kostnader ved prosjektleiing for lokalt mottaksprosjekt må påreknast også i 2017.»

Arbeidet med prosjektet er omfattande og forseinka framdrift medfører noko forskyving av kostnadene. Dette medfører reduserte kostnader i 2016 med 2,1 mill. kr medan vi får auka kostnadar i 2017 og 2018 med høvesvis 1,9 mill. kr og 0,8 mill. kr. Dette medfører ein netto auke på 0,6 mill. kr i perioden. Justeringa av budsjettet for 2016 vert ein del av tertialrapport 1/16.

Det er stor uvisse når det gjeld behovet for frikjøp i lokalt mottaksprosjekt etter 2016, då dette heng saman med framdrifta i den sentrale delen av prosjektet. Fylkesrådmannen kjem attende til saka når dette er klart.

### Teneste 5151 Fellesutgifter

I samband med omstillingsarbeidet som følgje av skulebruksplanen, vart budsjettet for omstillingsmidlar auka monaleg i ein overgangsperiode. I tillegg vart løyvinga frå 2018 auka med omlag 4,7 mill. kr årleg. Erfaringa så langt viser at ein i større grad enn forventta har funne løysingar når det gjeld utfordringane med overtal. I tillegg er talet på grupper auka i høve føresetnadane i skulebruksplanen. Behovet for omstillingsmidlar har difor vorte mindre enn budsjettert. For 2016 og 2017 medfører dette vesentleg reduksjon i budsjettet, med høvesvis 10 mill. kr og 15 mill. kr,

medan det er noko auka behov i 2018. Frå 2020 kan budsjettet for omstillingsmidlar reduserast med 4,7 mill. kr årleg. Justeringa av budsjettet for 2016 vert ein del av tertialrapport 1/16.

#### Teneste 5702 Fagprøver

Satsane for honorar til leiarar og medlemmer av prøvenemnder vert frå 01.04.16 auka tilsvarande kr 1000,- pr. prøve. Årsverknaden av satsauken er rekna til 0,7 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert styrka med 0,7 mill. kr årleg frå 2017.

#### Teneste 5810 Vaksenopplæring

Søkjartala for minoritetsspråklege med vaksenrett har så langt i 2016 vist ein stor auke i høve tidlegare år. Fylkesrådmannen vil kome attende til ev. økonomiske konsekvensar av dette i samband med tertialrapport 1/16 og i det vidare økonomiplanarbeidet.

#### Vedtak i FT-sak 9/16: Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2016-2017

Fylkestinget gjorde i sak 9/16 m.a. følgjande vedtak: «Finansiering av auken på 7 grupper våren 2017 vert å ta stilling til i budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2017.»

Fylkesrådmannen tilrår at teneste 5210 Utdanningsprogramma vert styrka i 2017 med 5,3 mill. kr som følgje av 7 ekstra grupper.

#### Oppsummering

Samla vert dei tilrådde justeringane i dette punktet slik:

| Teneste                         | 2017        | 2018       | 2019       | 2020        |
|---------------------------------|-------------|------------|------------|-------------|
| 5201 Pedagogiske fellesutgifter | 1,9         | 0,8        |            |             |
| 5210 Utdanningsprogramma        | 5,3         |            |            |             |
| 5151 Fellesutgifter             | -15,0       | 4,5        |            | -4,7        |
| 5702 Fagprøver                  | 0,7         | 0,7        | 0,7        | 0,7         |
| <b>Sum endring</b>              | <b>-7,1</b> | <b>6,0</b> | <b>0,7</b> | <b>-4,0</b> |

#### Tilråding

Ramma til opplæring vert endra slik: 2017: -7,1 mill. kr, 2018: +6,0 mill. kr, 2019: +0,7 mill. kr og 2020: -4,0 mill. kr. Endringane er som følgje av nye føresetnader og oppfølging av FT-vedtak 9/16.

### **5.3 Disponering av endringane for åra 2019-2020**

Opplæring har førebels eit ufordelt innsparingskrav på 29,5 mill. kr i 2019 og 2020. Den samla reduksjonen i sektorramma skissert i pkt. 5.1 og 5.2 vert føreslege nytta for å løyse noko av det ufordelte innsparingskravet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å ta ut eit slikt handlingsrom i ein fase der vi ser på innsparingar gjennom andre tiltak i organisasjonen. Vidare viser framlagde utgreiingar at dei ikkje har potensiale til å ta ut heile det uløyste innsparingskravet.

I 2019 er ramma på opplæring tilrådd redusert med samla 4,4 mill. kr. Dette vert tilrådd disponert slik at det ufordelte innsparingskravet i 2019 vert redusert tilsvarande. Innsparingskravet vert etter dette 25,1 mill. kr i 2019. For 2020 er det tilrådd ein samla reduksjon i ramma på 9,1 mill. kr. Dette vert tilrådd disponert slik at det ufordelte innsparingskravet i 2020 vert redusert tilsvarande. Innsparingskravet vert etter dette 20,4 mill. kr i 2020.

#### Tilråding

Som følgje av varige rammereduksjonar vert det ufordelte innsparingskravet på ramma til opplæring tilrådd redusert med 4,4 mill. kr i 2019 og med 9,1 mill. kr i 2020.



## 6 LOKALE INNTEKTER

### 6.1 Utbytte frå selskapa

#### Utbytte SFE

Årsrekneskapen til SFE syner eit overskot på 113 mill. kr etter skatt i 2015. Utbytte frå selskapet er sett til 60 mill. kr. Fylkeskommunen har ein eigarprosent på 48,18 pst. og kan såleis pårekne eit utbytte på om lag 29 mill. kr i 2016. Det er på generalforsamlinga den 16.06.16 at utbytte vert endeleg vedteke.

Eit utbytte på 29 mill. kr i 2016 utgjer 19 mill. kr over budsjettert nivå. Denne meirinntekta vert handsama og disponert som ein del av tertialrapport 1/16.

Utbytteprognosane i økonomiplanen er basert på SFE sitt langtidsbudsjett kombinert med gjeldande utbyttestrategi. Vi har ikkje eit nytt langtidsbudsjett for åra 2017-2020 enno, slik at det er for tidleg å gjere nokon ny vurdering av budsjettert utbytte frå selskapet i økonomiplanen.

#### Utbytte Fjord1

Årsrekneskapen til Fjord1-konsernet syner eit overskot på 212 mill. kr før skatt. Tilrådd samla utbytte frå selskapet er pr. dato 50 mill. kr. Utbetalinga av ev. utbytte vil for fylkeskommunen sin del gå til F1 Holding AS, og vil først vere aktuelt å ta inn i fylkeskommunen sitt budsjett for 2017.

Når det gjeld føresetnadane i økonomiplanen knytt til F1 Holding/Fjord1, er dei baserte på fortsatt eigarskap. Dei økonomiske konsekvensane av det vedtekte nedsalet i F1 Holding/Fjord1 er enno ikkje innarbeidd i økonomiplanen. Det vert framleis arbeidd med oppgåver knytt til nedsalet og salsprosessen er ikkje avslutta. Ev. endringar i økonomiplanen - som følgje av eigarposten i F1 Holding/Fjord1 - må fylkesrådmannen difor få kome attende til.

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa knytt til utbytte frå selskapet til vitande.

### 6.2 Konesjonskraft

Fylkesrådmannen vil i dette punktet tilrå å endre budsjetterte inntekter knytt til konesjonskraft. Prognosane i gjeldande økonomiplan baserer seg på mengde og pris pr. 2 tertial 2015.

Tildelt mengde i 2016 er 8 Gwh lægre enn føresett (auka uttak i kommunane). Vidare har prisane på konesjonskrafta vist ein markant nedgang det siste året og ligg på eit historisk låg nivå. Dette kombinert med ein fallande grad av sikring, jf. vår 3-årige rullerande sikringsstrategi, gjev reduserte inntekter frå konesjonskrafta utover i økonomiplanperioden. I tillegg har OED-prisen (kostnaden vår med å kjøpe konesjonskrafta) auka monaleg 2015 til 2016.

Basert på dette viser våre prognosar at vi må redusere budsjetterte konesjonskraftinntekter i økonomiplanperioden slik:

|                                   | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|-----------------------------------|-------|-------|-------|-------|
| Reduserte konesjonskraftinntekter | -11,0 | -21,5 | -26,9 | -21,4 |

I gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn at vi nyttar 60 mill. kr årleg av lokale inntekter til drift. Det overskytande er disponert til ekstraordinære avdrag på lån. Fylkesrådmannen legg opp til at dei reduserte konesjonskraftinntektene har som konsekvens at vi ikkje har rom for å betale ned så mykje lånegjeld som føresett. Samla utgjer dette at vi vil ha ei lånegjeld som er 80,8 mill. kr høgare enn føresett i slutten av økonomiplanperioden.

#### Tilråding

Nye prognosar på konesjonskraftinntektene vert innarbeidd i det økonomiske opplegget i økonomiplanen. Konesjonskraftinntektene vert redusert med 11 mill. kr i 2017, 21,5 mill. kr i 2018, 26,9 mill. kr i 2019 og 21,4 mill. kr i 2020.

### 6.3 Endra føresetnader for kapitalutgiftene som følgje av svikt i lokale inntekter

Som nemnd har vi i økonomiplanen nytta lokale inntekter til ekstraordinære avdrag. Dei nedjusterte prognosane i pkt. 6.2 medfører at handlingsrommet knytt til ekstra nedbetaling av gjeld frå 2017-2020 vert redusert. Det årlege nivået vert nedjustert tilsvarande svikten i dei lokale inntektene slik:

|  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|--|-------|-------|-------|-------|
| Reduksjon ekstraord. avdrag – svikt i lokale inntekter | -11,0 | -21,5 | -26,9 | -21,4 |

Ordinære renter og avdrag i økonomiplanen må justerast som følgje av denne endringa. Eit høgare gjeldsnivå i perioden vil medføre ein auke i samla kapitalutgifter (driftsbudsjettet). Den årlege auken vert tilrådd justert slik:

|                                  | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|----------------------------------|------|------|------|------|
| Auke i ordinære renter og avdrag |      | 0,8  | 2,3  | 4,2  |

Føresettt svikt i lokale inntekter medfører ein samla reduksjon i planlagde avdrag i økonomiplanen på samla 80,8 mill. kr. Det er i våre berekningar lagt opp til avdragsbetaling mot slutten av kvart år, og såleis vil auken i kapitalutgifter først få full effekt i 2021 med om lag 5,8 mill. kr.

#### Tilråding

Nye føresetnader for kapitalutgiftene vert innarbeid i det økonomiske opplegget i økonomiplanen.

Ekstraordinære avdrag vert redusert med 11 mill. kr i 2017, 21,5 mill. kr i 2018, 26,9 mill. kr i 2019 og 21,4 mill. kr i 2020.

Kapitalutgiftene vert auka med 0,8 mill. kr i 2018, 2,3 mill. kr i 2019 og 4,2 mill. kr i 2020.

## 7 ANDRE SAKER

### 7.1 Sognebåten

I økonomiplanen er det vedteke ei innsparing knytt til Sognebåten på 4,8 mill. kr årleg. Innsparinga var basert på at båten, M/S Brage, trafikkerte ruta. M/S Brage vart sett i drift sommaren 2015, og etter nokre månaders drift synte erfaringane at passasjerkapasiteten var liten og at komforten ikkje var tilfredsstillande. Som følgje av dette handsama hovudutval for samferdsle i oktober 2015 HS-sak 36/15 «Ny Sognebåt», der det vart vedteke å sette inn ein større båt. Som ein konsekvens av dette vedtaket vert ikkje innsparinga knytt til Sognebåten så stor som føresett, og den er no redusert med 0,8 mill. kr.

Fylkesrådmannen vil tilrå at den økonomiske konsekvensen av manglande innsparing får status som urealisert innsparingskrav på samferdslesektoren med 0,8 mill. kr årleg.

#### Tilråding

Ramma til samferdslesektoren vert ikkje endra som følgje av manglande innsparing knytt til Sognebåten. Sektoren vil som følgje av dette ha eit urealisert innsparingskrav på 0,8 mill. kr årleg for åra 2017-2020.

### 7.2 Bussanbod Sogn

Fylkeskommunen har den 21. april 2016 innstilt Tide Buss AS som transportør for bussrutene i Sogn. Kontrakten gjeld for frå juni 2017 til juni 2025, men kan forlengast med ytterlegare to år. Dei andre tilbydarane har høve til å kome med innspel til innstillinga innan 30. april 2016.

Ev. økonomiske konsekvensar av dette anbodet sett i høve våre budsjettføresetnadar må fylkesrådmannen få kome attende til.

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om bussanbod Sogn til vitande.

### 7.3 Kulturrådet – Førde som vertskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune meiner Førde er ein naturleg lokaliseringsstad når kulturrådet no vurderer om oppgåver skal flyttast ut av Oslo. Det er etablert ei arbeidsgruppe som jobbar med å presentere Førde som den best eigna lokaliseringsstaden. Kulturrådet skal levere sin rapport til kulturdepartementet 2. juni 2016 for vidare handsaming og avgjer.

Det er signalisert at føresetnaden for ei flytting av oppgåver frå Oslo er at ein finn regionale miljø der kunst og kultur står sterkt. I gjeldande økonomiplan er løyvinga til programområde 772 Kunstproduksjon, som eit av fleire innsparingstiltak, redusert med 1 mill. kr årleg frå 2017. Viss vi/Førde no skulle vinne fram i kampen om å få tilført statlege kulturarbeidsplassar, kan dette innsparings tiltaket synes uheldig. Vi bør difor vere villege til å vurdere dette på nytt når vi kjenner departementet si avgjer.

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om ev. flytting av kulturrådet sine oppgåver til Førde til vitande

### 7.4 Kontrollutvalet – auka rammer i 2017-2020

Kontrollutvalet har i KU-sak 20/16 gjort vurderingar av sine økonomiske rammer i budsjett og økonomiplan. Fylkesrådmannen legg her fram kontrollutvalet sitt innspel til justering av ramma for åra 2017-20. Når det gjeld auka kostnadar i 2016, vert dette lagt fram i tertialrapport 1/16.

Kontrollutvalet har fått ny samansetnad etter valet hausten 2015. Vidare har kontrollutvalet vedteke i KU-sak 47/15 at 1. varamedlem skal delta på alle møte i kontrollutvalet. Desse to momenta har medført ein auke i kostnadane per møte. Det er denne meirkostnaden på 0,2 mill. kr årleg kontrollutvalet ønskjer kompensert. Innspelet frå kontrollutvalet følgjer som vedlegg 2.

#### Tilråding

Ramma til kontrollutvalet vert auka med 0,2 mill. kr årleg i økonomiplanperioden.

### 7.5 Innspel frå råd og utval

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har kome med ein uttale kring budsjett/økonomiplan 2017-2020. Uttalen følgjer som vedlegg 3.

#### Tilråding

Finansutvalet tek uttalen frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne til vitande.

### 7.6 Endring/flytting av løyvingar og innsparingskrav – administrativ omorganisering

Fylkestinget vedtok i FT-sak 39/14 ny politisk organisering for perioden 2015-2019. Med utgangspunkt i dette vedtaket samt eit monaleg innsparingskrav knytt til sektoren politisk styring, plan og forvaltning har fylkesrådmannen gjennomført ei omorganisering av sentraladministrasjonen frå 1. april 2016. Oppgåver er blitt flytta på og som ein konsekvens av dette er det naudsynt at også tilhøyrande budsjettmidlar vert flytta.

Dei budsjettmessige konsekvensane kan kort summerast opp med at sektoren næring og kultur får tilført oppgåver og løyvingar knytt til:

- Teneste 7164 Friluft, natur og vassforvaltning, 1,9 mill. kr
- Teneste 4802 Folkehelsearbeid, 2,5 mill. kr.

Grunna KOSTRA er løyvinga på teneste 4802 Folkehelsearbeid framleis ein del av sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning sjølv om sektoren næring og kultur etter omorganiseringa skal ha ansvar for det operative folkehelsearbeidet.

Den «gamle» sektoren plan og næring hadde eit ufordelt innsparingskrav på 4,8 mill. kr årleg for åra 2017-2019. I samband med ny politisk organisering hausten 2015 vart dette ufordelte kravet førebels fordelt med 1,2 mill. kr knytt til plan og 3,6 mill. kr knytt til næring.

Etter at oppgåver og budsjettmidlar no er blitt flytta er også fordelinga av innsparingskravet på 4,8 mill. kr vurdert på nytt. Den nye fordelinga vert som følgjer:

- Innsparingskrav knytt til planstaben sine oppgåver: 0,8 mill. kr
- Innsparingskrav knytt til næringsdelen av sektoren næring og kultur: 4,0 mill. kr.

Fylkesrådmannen har innarbeidd dei tekniske flyttingane av løyvingar og ufordelt innsparingskrav i økonomiplanen. Når det gjeld naudsynte flyttingar for inneverande år, samt endringar i budsjettreglementet, vert dette truleg gjort ved handsaming av tertialrapport 1/16.

### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om naudsynte endringar/flytting av løyvingar som følgje av administrativ omorganisering til vitande.

## 8 FØREBELS SALDERINGSSKISSE

|  | 2017        | 2018         | 2019         | 2020         |
|--|-------------|--------------|--------------|--------------|
| <b>Utg.pkt: Balansert økonomiplan</b>                    | <b>0,0</b>  | <b>0,0</b>   | <b>0,0</b>   | <b>0,0</b>   |
| <b>Vurdering i a.dok 1: Ingen økonomisk vurdering</b>    |             |              |              |              |
| <b>Vurdering i a.dok 2: Ingen økonomisk vurdering</b>    |             |              |              |              |
| <b>Vurdering i a.dok 3:</b>                              |             |              |              |              |
| Reversering av sluttsaldering øk.plan 2017-2019          | 3,7         | -14,8        | -40,5        |              |
| Teknisk rullering av økonomiplanen                       |             |              |              | -61,6        |
| Opplæring - justering av ramme - rekneskapsresultat 2015 | -5,1        | -5,1         | -5,1         | -5,1         |
| Opplæring - justering av ramme -nye føresetnader         | -7,1        | 6,0          | 0,7          | -4,0         |
| Opplæring - reduksjon i innsparingskrav 2019/2020        |             |              | 4,4          | 9,1          |
| Lokale inntekter - ny prognose konsesjonskraft           | 11,0        | 21,5         | 26,9         | 21,4         |
| Kapitalutgifter - reduserte ekstraord. avdrag            | -11,0       | -21,5        | -26,9        | -21,4        |
| Kapitalutgifter - auka kostnader                         |             | 0,8          | 2,3          | 4,2          |
| Samferdsle - Sognebåten - mindre innsparing              | 0,8         | 0,8          | 0,8          | 0,8          |
| Samferdsle - Sognebåten - auka innsparingskrav           | -0,8        | -0,8         | -0,8         | -0,8         |
| Kontrollutvalet - auka ramme - ny politisk samansetnad   | 0,2         | 0,2          | 0,2          | 0,2          |
| <b>Ubalanse etter a.dok 3</b>                            | <b>-8,3</b> | <b>-12,9</b> | <b>-38,0</b> | <b>-57,3</b> |

Førebels salderingsskisse viser at vi førebels har «eit overskot» på 8,3 mill. kr i 2017 aukande til 57,3 mill. kr i 2020. For 2017 og 2018 meiner fylkesrådmannen at det er realistisk å få balanse mellom inntekt- og utgiftsnivået.

I 2019 og 2020 er situasjonen meir usikker, sjølv om salderinga no viser overskot. Dette må sjåast i samanheng med føresetnadane for økonomiplan som fylkesrådmannen har omtalt i punkt 2. Der vert det peika på at over 100 mill. kr årleg i samla inntektsauke/utgiftsreducerande tiltak er svært usikre for oss frå 2019.

På bakgrunn av dette, samt ev. nye føresetnader i m.a. kommuneproposisjonen og tertialrapport 1/16, tek fylkesrådmannen sikte på å gjere ein heilskapleg vurdering av økonomiplanrammene i økonomiplansaka i juni.

## 9 UTGREIINGSARBEIDET – SFJ2019

Det vert vist til arbeidsdokument 2/16, kap. 3 der utgreiingsarbeidet – SFJ2019 vart omtalt med følgjande avsnitt:

- utgreiingsoppdrag handsama våren 2015,
- pågåande utgreiingar våren 2016 og 2017,
- Vidare prosess for innfasing av utgreiingsarbeidet i økonomiplanen 2017-2020.

## 9.1 Ferdigstilte utgreiingar våren 2016

Fylkesrådmannen legg no, som avtalt, fram utgreiingane med administrativ utgreiingsfrist våren 2016. Fylkesrådmannen har også i år valt å dele det framlagte materialet i to vedlegg for å betre den samla oversikten slik:

Vedlegg 4; Samledokument som viser samandraga for alle utgreiingane i kronologisk rekkefølge.

Vedlegg 5; Samledokument som viser utgreiingane, samt innspel til utgreiingane frå andre instansar, i kronologisk rekkefølge.

Kvar utgreiing er merka med utgreiingsnummer og namn, jf. innhaldsoversyn fremst i vedleggsdokumenta.

Utgreiingane vert, som avtalt, lagt fram utan administrative tilrådingar.

Når det gjeld utgreiing #22 «Tannhelsetenesta – ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur» - vart rapporten lagt fram for finansutvalet i januar og deretter sendt på høyring. Det vart så gitt ei ny orientering (etter høyringsrunden) i fylkesutvalet 13.04.16. FT vil få denne utgreiinga til handsaming som ei eiga sak i juni 2016. Utgreiinga er såleis ikkje teke inn i vedlegg 4 og 5.

Det vert gjort nærare greie for dei ulike utgreiingane på politikardagen 12. mai. I tillegg vert dei fylkeshovudtillitsvalde invitert til fellesorienteringa på politikardagen.

Samstundes med utsending vert dette arbeidsdokumentet gjort tilgjengeleg på heimeida under politiske saker. Ev. eksterne innspel til utgreiingane som kjem etter dette vert lagt ut fortløpande på heimesida; [www.sjf.no](http://www.sjf.no)

### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om dei ferdigstilte utgreiingane til vitande.

## 9.2 Pågåande utgreiingar

Av totalt 56 utgreiingsoppdrag er det no to utgreiingar som er under arbeid og som har leveringsfrist i 2017. Dette er:

- Reinhaldartenestene (#56)
- Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20).

Fylkesrådmannen vil kome attende til desse utgreiingane når dei er ferdige.

### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om pågåande utgreiingar til vitande.

## 10 BESTILLING TIL HOVUDUTVALA

### 10.1 Tilleggsbestilling

Finansutvalet handsama bestilling til hovudutvala i arbeidsdokument 2/16, pkt. 2.2 der følgjande vart vedteke:

«Hovudutvala vert på sitt møte i mai invitert til å kome med følgjande innspel:

- Gje ei prioritert rekkefølge på dei utgreidde tiltaka på eigne sektorar. Der utgreiingane er bygd opp slik at dei viser ulike nivå/tersklar for gjennomføring av tiltak, skal kvart nivå handsamast som eiga «prioriteringseining» i den samla prioriteringa.
- Gje ei tilråding til korleis eit ev. uspesifiserte innsparingskrav på sektorramma for 2017 skal løysast.
- Kome med ev. særskilte omprioriteringar på vedtekne innsparingskrav.

Eksterne søknadar om finansiell medverknad i 2017 vert å ta stilling til i hovudutvala og finansutvalet i september 2016.

Opplæringsfartøyet «Skulebas» må gjennomføra ein ny klassing i 2019 som er kostnadskrevjande. I verdiskapingsplanen er det sett ei avklaring knytt til vidare drift av «Skulebas», eller eit nytt opplæringsfartøy, til 2018. Ein må difor få ei avklaring på kr 200 000 i prosjektmidlar slik at ein kan få prosjektert og kostnadsrekna eit nytt fartøy. Utval for næring og kultur må få fortløpande oppdatering i prosessen.».

Dei utgreiingane som no vert lagt fram til politisk handsaming er både sektorinterne og sektorovergripande. Så langt er det berre handsaming av dei sektorinterne utgreiingane som er ferdigstilt våren 2016 som er med i bestillinga til hovudutvala.

Av dei sektorovergripande utgreiingane vurderer fylkesrådmannen at utgreiing #51 Folkehelsearbeidet bør handsamast av alle hovudutvala. Fylkeskommunen driv eit folkehelseretta arbeid innafor fleire sektor- og tenesteområde. Alle dei tre hovudutvala har spesifikke tiltak eller satsingsområde innan folkehelsearbeidet som vert omtalt i utgreiinga. I tillegg organiserer tannhelse-tenesta viktige førebyggjande tiltak innan folkehelse. Det er difor ønskjeleg med eit breitt politisk engasjement og diskusjon om denne utgreiinga.

Fylkesrådmannen vil vidare opplyse om at i prioriteringsarbeidet våren 2015 tilrådde hovudutval for plan og næring å prioritere innsparingar knytt til folkehelse på plass nr. 1 med 3,1 mill. kr. Denne tilrådinga vart følgt opp i sak om økonomiplan 2016-19 i juni 2015. Som følgje av dette er dei økonomiske rammene til folkehelse blitt redusert med 3,1 mill. kr sjølv om utgreiinga ikkje er ferdig og lagt fram for politisk handsaming før no. Denne reduksjonen ligg altså inne i gjeldande økonomiplan.

Dei andre sektorovergripande utgreiingane som no vert lagt fram har ei innretning som syner eit eventuelt administrativt innsparingspotensial. Det samla innsparingspotensialet vert synleggjort i utgreiing #56 Sentraladministrasjon; roller og storleik. Fylkesrådmannen vil tilrå ev. innsparings-tiltak knytt til desse utgreiingane direkte i sak om økonomiplan 2017-2020.

### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til at utgreiing #51 Folkehelsearbeidet vert handsama av hovudutvala i mai. Denne utgreiinga kjem i tillegg til dei sektorinterne utgreiingar som no, våren 2016, er lagt fram til politisk handsaming.

Dei øvrige sektorovergripande utgreiingane vert lagt fram for politisk handsaming i samband med sak om økonomiplan 2017-2020.

## **10.2 Malar for utforming av vedtak i hovudutvalssakene**

I tråd med framdriftsplan vert punktet som går på framlagde utgreiingar fremja utan administrativ tilråding. Fylkesrådmannen vil i dette punktet kome med forslag til korleis hovudutvala kan utforme vedtaka sine i høve bestillinga frå finansutvalet.

Når det gjeld handsaming av dei sektorinterne utgreiingane vil fylkesrådmannen tilrå følgjande mal for utforming av vedtak:

Hovudutvalet tilrår at ei eventuell iverksetjing av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølge og med følgjande beløp:

Vidare tilrår fylkesrådmannen følgjande mal for utforming av vedtak kring den sektorovergripande utgreiinga:

Hovudutvalet gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet:

Når det gjeld punktet om korleis eit ev. uspesifisert innsparingskrav på sektorramma for 2017 skal løysast, vil kvar fylkesdirektør gje ei administrativ tilråding. Fylkesrådmannen tilrår følgjande mal for utforming av vedtak på dette punktet:

Hovudutvalet tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet i 2017 på xx mill. kr vert fordelt slik: Teneste xxxx – xx mill. kr, osv.

Det siste punktet i bestillinga, dvs. kome med ev. omprioriteringar på vedtekne innsparingstiltak, kan vere todelt. Her kan fylkesdirektøren i saksframlegget kome med vurderingar og tilråding eller hovudutvalet sjølv kan kome med ei tilråding. Fylkesrådmannen tilrår følgjande mal for utforming av vedtak på dette punktet:

Hovudutvalet tilrår følgjande omprioritering av alt vedtekne innsparingstiltak: Utgreiing #xx, namn på utgreiing, vert auka/reduisert med xx mill. kr, osv.



## Tilråding

Hovudutvala kan i sitt møte i mai nytta følgjande malar til utforming av vedtak:

- Hovudutvalet tilrår at ei eventuell iverksetjing av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølgje og med følgjande beløp:
- Hovudutvalet gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet:
- Hovudutvalet tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet i 2017 på xx mill. kr vert fordelt slik: Teneste xxxx – xx mill. kr, osv.
- Hovudutvalet tilrår følgjande omprioritering av alt vedtekne innsparingstiltak: Utgreiing #xx, namn på utgreiing, vert auka/reduisert med xx mill. kr, osv.

## 11 TEMA OG TIDSPLAN FOR MØTA 12. MAI

Det er lagt opp til slikt program for den politiske aktiviteten 12. mai:

10:00: Opplæring av folkevalde og fellesorienteringar

- Økonomi/budsjett og kommuneproposisjon 2017 (45 minutt)
- Vidaregåande opplæring i skule og bedrift (45 minutt)
- SFJ 2019 - nye utgreiingar, (60 minutt)

12:30: Lunsj

13:30: Møte i hovudutvala

Det vert elles sendt ut eiga innkalling til 12.05.

## 12 VIDARE ARBEIDSPLAN

| Dato          | Arbeidsoppgåver   | Politisk nivå | Adm. Nivå |
|---------------|---|---------------|-----------|
| 11.05.2016    | Framlegging av kommuneproposisjonen 2017  | (KMD)         |           |
| 12.05.2016    | Orientering om administrative utgreiingar og kommuneproposisjonen for eit samla fylkesting. Påfølgjande møte i hovudutvala. | FT<br>HU      |           |
| 24.05.2016    | Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20  |               | FRM       |
| 31.05.2016    | Hovudutvala si handsaming   | HU            |           |
| 01.06.2016    | Fylkesutvalet si handsaming   | FU            |           |
| 14/15.06 2016 | Fylkestinget si slutthandsaming   | FT            |           |

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Astrid Lernes  
kst. økonomisjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

1. Møtebok frå finansutvalet 02.03.16
2. Notat frå kontrollutvalet om Budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019 – justering av ramme
3. Budsjett/økonomiplan 2017-2020 - uttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
4. Samledokument med samandraga på alle ferdigstilte utgreiingar
5. Samledokument med alle ferdigstilte utgreiingar og ev. eksterne uttalar

Kopi til:

Fylkestinget

Fylkeshovudtillitsvalde

Fylkesrådmannen si leiargruppe

Budsjettgruppa

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

## TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOKUMENT 3/16

### 1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 2.03.16

#### Tilråding

Møtebok frå møte i finansutvalet 2.03.16 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

### 2 GJELDANDE ØKONOMIPLAN - ØKONOMISKE FØRESETNADER

#### 2.1 Fellesinntekter og –utgifter

#### 2.2 Sektorrammene

#### 2.3 Lånegjeld og disponible fondsmidlar

Punkta 2.1 -2.3: Utan tilråding

#### 2.4 Nærare vurdering av to viktige føresetnader i økonomiplanen

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa i punkta 2.1-2-4 om dei økonomiske føresetnadane i gjeldande økonomiplan til vitande.

### 3 ØKONOMIPLAN 2017-2020 – UTGANGSPUNKT

#### Tilråding

Resultatet av den tekniske rulleringa av driftsrammene for 2020 på 61,6 mill. kr vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

Sluttsalderinga av økonomiplan 2017-2019 vert teke teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

### 4 REKNESKAP 2015 – RAMMEVURDERINGAR

#### Tilråding

Finansutvalet tek omtalte orientering om rammevurderingar sett i høve rekneskapsresultatet for 2015 til vitande.

### 5 OPPLÆRINGSSEKTOREN

#### 5.1 Rammejusteringar som følgje av rekneskapsresultatet for 2015

#### Tilråding

Ramma til opplæring vert redusert med samla 5,1 mill. kr årleg i 2017-2020 som følgje av vurderingar av rekneskapsresultatet 2015.

Finansutvalet sluttar seg til at det i økonomiplanen vert budsjettert med ein årleg buffer på 3 mill. kr på teneste 5210 Utdanningsprogramma. Bufferen skal nyttast til å dekke ev. meirkostnadar knytt til anslagsløyvingar på tenestene 5200 Pedagogisk leining mv, 5210 Utdanningsprogramma, 5701 Opplæring i bedrift og 5702 Fagprøver.

#### 5.2 Nye økonomiske føresetnader og oppfølging av FT-vedtak 9/16

#### Tilråding

Ramma til opplæring vert endra slik: 2017: -7,1 mill. kr, 2018: +6,0 mill. kr, 2019: +0,7 mill. kr og 2020: -4,0 mill. kr. Endringane er som følgje av nye føresetnader og oppfølging av FT-vedtak 9/16.

#### 5.3 Disponering av endringane for åra 2019-2020

#### Tilråding

Som følgje av varige rammereduksjonar vert det ufordelte innsparingskravet på ramma til opplæring tilrådd redusert med 4,4 mill. kr i 2019 og med 9,1 mill. kr i 2020.

## **6 LOKALE INNTEKTER**

### **6.1 Utbytte frå selskapa**

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa knytt til utbytte frå selskapet til vitande.

### **6.2 Konesjonskraft**

#### Tilråding

Nye prognosar på konesjonskraftinntektene vert innarbeidd i det økonomiske opplegget i økonomi-planen. Konesjonskraftinntektene vert redusert med 11 mill. kr i 2017, 21,5 mill. kr i 2018, 26,9 mill. kr i 2019 og 21,4 mill. kr i 2020.

### **6.3 Endra føresetnader for kapitalutgiftene som følgje av svikt i lokale inntekter**

#### Tilråding

Nye føresetnader for kapitalutgiftene vert innarbeid i det økonomiske opplegget i økonomiplanen.

Ekstraordinære avdrag vert redusert med 11 mill. kr i 2017, 21,5 mill. kr i 2018, 26,9 mill. kr i 2019 og 21,4 mill. kr i 2020.

Kapitalutgiftene vert auka med 0,8 mill. kr i 2018, 2,3 mill. kr i 2019 og 4,2 mill. kr i 2020.

## **7 ANDRE SAKER**

### **7.1 Sognebåten**

#### Tilråding

Ramma til samferdslesektoren vert ikkje endra som følgje av manglande innsparing knytt til Sognebåten. Sektoren vil som følgje av dette ha eit urealisert innsparingskrav på 0,8 mill. kr årleg for åra 2017-2020.

### **7.2 Bussanbod Sogn**

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om bussanbod Sogn til vitande.

### **7.3 Kulturrådet – Førde som vertskommune**

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om ev. flytting av kulturrådet sine oppgåver til Førde til vitande

### **7.4 Kontrollutvalet – auka rammer i 2017-2020**

#### Tilråding

Ramma til kontrollutvalet vert auka med 0,2 mill. kr årleg i økonomiplanperioden.

### **7.5 Innspel frå råd og utval**

#### Tilråding

Finansutvalet tek uttalen frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne til vitande.

### **7.6 Endring/flytting av løyvingar og innsparingskrav – administrativ omorganisering**

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om naudsynte endringar/flytting av løyvingar som følgje av administrativ omorganisering til vitande.

## **8 FØREBELS SALDERINGSSKISSE**

Punkt 8: Utan tilråding

## **9 UTGREIINGSARBEIDET – SFJ2019**

### **9.1 Ferdigstilte utgreiingar våren 2016**

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om dei ferdigstilte utgreiingane til vitande.

**9.2 Pågåande utgreiingar**Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om pågåande utgreiingar til vitande.

**10 BESTILLING TIL HOVUDUTVALA****10.1 Tilleggsbestilling**Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til at utgreiing #51 Folkehelsearbeidet vert handsama av hovudutvala i mai. Denne utgreiinga kjem i tillegg til dei sektorinterne utgreiingar som no, våren 2016, er lagt fram til politisk handsaming.

Dei øvrige sektorovergripande utgreiingane vert lagt fram for politisk handsaming i samband med sak om økonomiplan 2017-2020.

**10.2 Malar for utforming av vedtak i hovudutvalssakene**Tilråding

Hovudutvala kan i sitt møte i mai nytta følgjande malar til utforming av vedtak:

- Hovudutvalet tilrår at ei eventuell iverksetjing av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølge og med følgjande beløp:
- Hovudutvalet gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet:
- Hovudutvalet tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet i 2017 på xx mill. kr vert fordelt slik: Teneste xxxx – xx mill. kr, osv.
- Hovudutvalet tilrår følgjande omprioritering av alt vedtekne innsparingstiltak: Utgreiing #xx, namn på utgreiing, vert auka/reduisert med xx mill. kr, osv.

**11 TEMA OG TIDSPLAN FOR MØTA 12. MAI**

Punkt 11: Utan tilråding

**12 VIDARE ARBEIDSPLAN**

Punkt 12: Utan tilråding

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑